



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Flaten Bygg AS

2690 SKJÅK

Delegert vedtak

Vår ref
2013/23/18/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
11.02.2013

Saka gjeld: Søknad om løyve til transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk til naust ved Leirungsvatnet - Flaten Bygg AS

Saksopplysning:

Skjåk Jeger- og fiskarlag fekk i sak 65/10 i miljø- og næringsutvalet i Skjåk kommune byggjeløyve til å flytte/bygge nytt naust ved Leirungsvatnet. Flaten Bygg AS er engasjert til å sette i stand naustet.

Arbeidet vil truleg ta om lag ei veke for tre mann. Dei vil da ligge ved Leirungsvatnet i byggeperioden.

Transportbehovet er truleg ein tur med arbeidsfolk og to turar med materialar og utstyr.

Transporten vil gå frå Aursjoli til Leirungsvatnet. Ein køyrer da gjennom Ottadalen landskapsvernområde (LVO) og Reineheimen nasjonalpark (NP).

Vurdering:

Forvaltningsmynde kan gje løyve til transport av materialar og utstyr iht vernereglane:

Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3:

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.

Verneforskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3:

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.

Sidan verneforskriftene for Reinheimen NP og Ottadalen LVO ikkje opnar for transport av arbeidsfolk verken direkte eller etter søknad må denne saka vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova:

Postadresse

2690 Skjåk

E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside

www.skjaak.kommune.no

Telefon

61217000

Telefaks

61217001

Bank

2085.07.40004

Org.nr

961381096

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Skjåk kommune meiner det er riktig å gi dispensasjon til snøscootertransport av snikkarar etter § 48 i NML og er av den oppfatning at det ikkje er i strid mot vernevedtakets formål og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig (sjå grunngjeving lengre ned – NML §8-12).

Normalt skal transportoppdrag i verneområda skje med leigekøyrar. Sidan snikkarane skal overnatte på Leirungsvatnet og vera der ei veke er det hensiktsmessig for dei å kunne køyre sjølv. Det er og viktig i høve til sikkerheit med tilgang på ein snøscooter medan dei er på arbeid ved Leirungsvatnet. Motorfedselforskrifta opnar for snøscootertransport for arbeidsfolk i samsvar med byggeløyve:

§ 3. Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttas til:

d) transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk i samsvar med byggetillatelse.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ruta som skal køyrast er ein av dei traséane som er skissert i forvaltningsplanen og har vore brukt ved fleire liknande transportoppdrag tidlegare. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Det er ikkje sannsynleg at tiltaka det her er søkt om vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Området der transporten skal skje er viktige leveområde for villrein i Ottadalen året rundt. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Transport på snødekt mark med snøscooter vurderast å vere miljøforsvarleg.

Vedtak:

Skjåk kommune vedtek å gje Flaten Bygg AS løyve til transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk til naust ved Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark.

Løyvet blir gjeve med heimel i:

*Forskrift for Reinheimen NP § 3 pkt. 6.3. b)
Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3. b)
Naturmangfaldlova § 48
Motorferdsselforskrifta § 3d)*

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve løyve til 4 turar, med eigen snøscooter.
2. Transporten skal mest mogleg fjølge same køyrespor tur-retur.
3. Køyringa skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Motorferdsla skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen tlf. 97057213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
5. Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
6. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
7. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lesja kommune
Lom kommune
Norddal kommune

Rauma kommune
Vågå kommune
SNO-Skjåk
SNO-Åndalsnes
Skjåk Almenning